



KVINNHERAD
K O M M U N E

Ordfører

Fosse Stiftinga

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Vegard Bjørnevik		2026/20-31		27.03.2026

Støtteerklæring til Fosse-senteret i Strandebarm

Støtteerklæring til søknaden om nasjonalt kulturbygg – Fosse-senteret i Strandebarm

Kvinnherad kommune ønskjer med dette å uttrykkje si klare støtte til søknaden om etablering av eit nasjonalt kulturbygg for Fosse-senteret i Strandebarm.

Som nabokommune ser me verdien av å stå saman om å løfte fram nynorsk litteratur, kulturarv og kunstnarlege uttrykk som har røter i vår felles region. I ei tid der språkleg og kulturelt mangfald er viktigare enn nokon gong, er det avgjerande å støtte initiativ som styrkjer nynorsk språk og formidlar skaparkrafta frå Vestlandet. Det er også verdt å løfte fram at gamle Fjelberg kommune – som sidan 1965 har vore ein del av Kvinnherad – var den første kommunen i landet som tok nynorsk i bruk som administrasjonsspråk. Dette er ein del av vår språklege arv og kulturhistorie, og ei viktig påminning om at nynorsken har stått sterkt i området gjennom generasjonar.

Jon Fosse står i ein heilt særskild posisjon som ein av våre mest markante samtidsforfattarar, både nasjonalt og internasjonalt. Med eit omfattande og variert forfattarskap innan dramatikk, prosa, lyrikk og barnebøker, har han sett djupe spor – også i Kvinnherad, der han blir mykje lesen og verdsett. Gjennom skildringane sine løftar han fram menneskeliv og eit lynne som speglar mykje av kven me er som folk, og som gjev gjenklang langt utover regionen.

Etter tildelinga av Nobelprisen i litteratur i 2023 har prosjektet fått ny tyngde og framdrift. Det vidare arbeidet, gjennomført i samarbeid med Kvam herad, Vestland fylkeskommune, Nynorsk kultursentrum og Hardanger og Voss museum, viser både fagleg kvalitet og brei regional forankring.

Det planlagde Fosse-senteret er tenkt som eit nasjonalt kulturbygg med ei tydeleg regional rolle. Senteret vil vere ein arena for litteratur, scenekunst, nynorsk språk, formidling og kunnskap – og samstundes ein ressurs for regionen gjennom auka kulturaktivitet, kompetansedeling og reiselivsmessig verdiskaping. Slike tiltak har stor betydning for utvikling av kultur, identitet og lokal samfunnskraft i heile Vestlandsregionen.

Kvinnherad kommune støttar difor søknaden om nasjonalt kulturbygg for Fosse-senteret i Strandebarm, og me ser på prosjektet som eit førebilete på korleis interkommunalt og regionalt samarbeid kan bidra til kulturell styrking. Me håpar at denne støtteerklæringa kan vere med på å løfte fram eit viktig kulturprosjekt som vil få verknad langt utover Strandebarm og Kvam – eit prosjekt som heile regionen kan vere stolt av.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Vegard Bjørnevik
Ordfører

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.